

NGU-rapport nr. 88.163

Hydrogeologiske undersøkingar i Herøy kommune
Møre og Romsdal

Rapporten er utarbeidd for Herøy kommune
Oktober 1988

Rapport nr. 88.163	ISSN 0800-3416	Åpen for allmenning	
Tittel: Hydrogeologiske undersøkingar i Herøy kommune, Møre og Romsdal			
Forfatter: Kari Sand		Oppdragsgiver: Herøy kommune	
Fylke: Møre og Romsdal		Kommune: Herøy	
Kartbladnavn (M. 1:250 000) Ulsteinvik		Kartbladnr. og -navn (M. 1:50 000) 1119 I Hareid 1119 II Volda 1119 III Vanylven 1119 IV Fosnavåg	
Forekomstens navn og koordinater:		Sidetall: 13	Pris: 75,-
Feltarbeid utført: Sept. -88		Rapportdato: 11.10.1988	Prosjektnr.: 2386.00.52
Seksjonssjef: <i>Bernt Mahne</i>			
Sammendrag: Som ein lekk i Herøy kommune sin Hovudplan for vassforsyning har NGU vurdert sjansane for grunnvatn som vassforsyning i heile kommunen. Bergartane i området kan i hovedsak karakteriserast som dårleg vassgjevarar (mindre enn 500 l/time). Boringar mot større sprekkesoner kan derimot vente å gje 500-2000 l/time. I Runde, Kvalsvik og Jøsok/Voldnes er det fastsett lokalitetar for prøvebringar. Det er von for grunnvatn i fjell som vassforsyning til desse stadane.			
Emneord	Hydrogeologi	Kartlegging	
Grunnvann	Berggrunn	Fagrapport	

Forord

Noregs geologiske undersøking (NGU) har gjort ei hydrogeologisk vurdering i Herøy kommune. Undersøkinga vart gjort i september 1988. Rapporten vert med dette lagt fram.

Noregs geologiske undersøking
Seksjon for hydrogeologi

Bernt Malme
seksjonssjef

Kari Sand
forsker

Innhald	
Samandrag	5
Innleiing	6
Ei vurdering av områda	6
Runde	6
Kvalsvik	6
Jøsok/Voldnes	7
Herøy/Notøy	7
Koparstad	7
Arhaugen	7
Sandvik	7
Prøveboringar	8
Konklusjon	8
Referansar	9

VEDLEGG

Tabell 2.	Djup, vassmengd o.l. i fjellbrønnar i Herøy kommune.
Teikning 1.	Oversiktskart. Grunnvatn i fjell. Herøy kommune.
Teikning 2.	Oversiktskart. Boringar i fjell. Herøy kommune.
Teikning 3.	Temakart. GRUNNVATN. Herøy kommune.

SAMANDRAG

Som ein lekk i Herøy kommune sin Hovudplan for vassforsyning har NGU vurdert sjansane for grunnvatn som vassforsyning i heile kommunen. Bergartane i området kan i hovudsak karakteriserast som dårleg vassgjevarar (mindre enn 500 l/time). Boringar mot større sprekkesoner kan derimot vente å gje 500-2000 l/time. I Runde, Kvalsvik og Jøsok/Voldnes er det fastsett lokalitetar for prøveboringar. Det er von for grunnvatn i fjell som vassforsyning til desse stadane.

INNLEIING

Som ein lekk i Herøy kommune sin Hovudplan for vassforsyning vart NGU kontakta for å vurdere sjansane for grunnvatn i fjell.

Opphaveleg var områda Runde, Kvalsvik og Jøsok/Voldnes prioritert frå kommunen si side. På møtet 28/9-88 kor Hallvard Rusten (Herøy kommune), Magnar Rise (Østlandskonsult) og Kari Sand (NGU) deltok, vart det bestemt at områda Notøya, Arhaugen, Koparstad og Sandvik også skulle vurderast.

Sjansane for grunnvatn som vassforsyning til Runde, Kvalsvik, Jøsok/Voldnes, Notøya, Arhaugen, Sandvik og Koparstad er vurdert i denne rapporten. I tillegg er lokalitetar for prøveboringar i Runde, Kvalsvik og Jøsok/Voldnes fastsett.

EI VURDERING AV DEI ULIKE OMRÅDA

Grunnvatn i fjell som vassforsyning i Herøy kommune er vurdert der det bur folk (teikning 1). Bergartane i kommunen er i hovudsak gneis. Desse er dårlege vassgjevarar (mindre enn 500 l/time). Det finst fleire sprekkesoner og forkastningar i området. Dei to viktigaste sprekkesonene er; N70A og N46V. Boringar mot desse kan gje større vassmengder - opptil 3000 l/time. Lokalisering av borplassar for større vassforsyningar bør gjerast av ein hydrogeologisk sakkyndig.

Tidlegare boringar i fjell i Herøy kommune er vist i teikning 2. Opplysningar om djup og vassmengde er lagt ved i tabell 2.

Runde

I Runde er vassforsyninga basert på private brønnar. Bergartane i dette området er gneis som kan karakteriserast som ein dårleg vassgjevar. Tidlegare boringar i Runde gjev mellom 300-2000 l/time.

Det går ei sprekkesone langs sørsida av Runde. Ei prøveboring i dette området skulle difor vere gunstig (teikning 3).

Kvalsvik

Dagens vassforsyning er basert på vatn i frå Fosselva som til tider har dårleg kapasitet og kvalitet (Sand og Morland 1987). Bergartane er gneis som verkar tette, særskilt på sørsida av dalen. Det vert difor i dette området tilrådd to prøveboringar Fossholen og Øvre Kvalsvik (teikning 3).

Jøsok/Voldnes

Tidlegare boringar i dette området har gitt vekslande resultat. Bergartane er i hovudsak kalksilikatgneis (Gjelsvik 1951). Eit borhol i desse bergartane vil gje 500- 2000 l/time. I ei smal sone ved Jøsokstranda er bergartane mykje oppsprokke, og eit borhol i denne sona vil truleg gje vassmengder over 2000 l/time. Like nord for denne sona finst det ein eklogitt som er ein svært tett bergart. Boringar i denne bergarten gjev ofte tørre hol. I området finst det også ei aust-vest sprekkeson som kan innehalde vatn.

Ei prøveboring ved Jøsok (teikning 3) vert tilrådd.

Herøy/Notøy

Bergartane i området er gneis som verkar tette. Området har tydelege sprekkesoner, men fare for inntrengjing av saltvatn gjer at boring i dette området vert frårådd.

Koparstad

Bergartane i dette området er gneis. Det er fleire sprekkesoner i området og den tydlegaste går parallelt Flåværleia. Ei boring i denne sona kan truleg gje vassmengder omkring 500-2000 l/time.

Arhaugen

Bergartane i dette området er noko oppsprokke og ei boring i dette området kan gje vassmengder kring 1000 l/time, dersom den vert lokalisert av ein hydrogeologisk sakkyndig.

Sandvik

Bergartane i dette området er gneis. Fleire sprekkesoner i området kan truleg vere gunstig å bore mot for å oppnå ønska vassmengde.

PRØVEBORINGAR

Prøveboringar vert tilrådd i Runde, Kvalsvik og Jøsok.

Tabell 1 viser djup, retning og avvik frå loddlinja (skråboring) for dei einskilde prøveboringane.

Stad	Djup (m)	Retning	Avvik frå loddlinja
Runde	80-100	Nordvest	20
Kvalsvik (Fossholen)	80-100	Aust	15
Kvalsvik (Øvre Kvalsvik)	80-100	Sør	15
Jøsok	80-100	Sørvest	15

KONKLUSJON

Sjansane for grunnvatn i fjell som vassforsyning i Herøy kommune er vurdert. Bergartane er gneis som generelt er dårlege vassgjevarar (mindre enn 500 l/time). Større vassmengder (1000-2000 l/time) kan derimot nåast ved å bore mot sprekkesoner.

Prøveboringar i Runde, Kvalsvik og Jøsok vert tilrådd.

REFERANSAR

Gjelsvik, T. 1951: Oversikt over bergartene i Sunnmøre og tilgrensende deler av Nordfjord. NGU nr 179. 45 sider.

Sand, K. & Morland, G. 1987: Drikkevannsundersøkelse i Møre og Romsdal. Status - råvannskilder. NGU-rapport 87.166. 62 sider.

Tabell 2. HYDROGEOLOGISK ARKIV - BOREBRØNNER I FJELL

HERØY KOMMUNE


Eigar	X-koord	Y-koord	Djup	Vassmengd
Kartblad 1119-I Herøy kommune	Ålesund 33100	691830	90 m	420 l/time
Kartblad 1119-II	Volda			
A. Bakken	33320	690350	124 m	200 l/time
G. Jøsokbakke	33410	690490	47 m	800 l/time
E. & G. Måløy	33400	690380	40 m	850 l/time
L.H. Vattøy	33410	690440	85 m	30 l/time
L.H. Vattøy	33410	690400	60 m	1800 l/time
M. & R. Vattøy	33420	690380	40 m	1400 l/time
R. Vattøy	33420	690390	118 m	900 l/time
Kartblad 1119-IV	Fosnavåg			
G. Vike	32520	691540	100 m	500 l/time
Kristineborg	32705	692370	85 m	900 l/time
Kristineborg	32720	692350	30 m	2000 l/time
T. & M. Runde	32700	692380	69 m	300 l/time
P. Pareliussen	32720	692370	65 m	1000 l/time
P.O. Runde	32700	692380	70 m	750 l/time
P. Pareliussen	32720	692360	69 m	600 l/time

HERØY KOMMUNE

BORINGER I FJELL

TEGNFORKLARING

● Fjellbrønner




HERØY KOMMUNE

GRUNNVANN I FJELL

TEIKNFORKLARING

VENTELEG VASSGJEVAREVNE


-  GOD
(≥ 2000 l/time)
-  MIDDELS
(500 - 2000 l/time)
-  DÅRLEG
(≤ 500 l/time)
-  IKKJE VURDERTE OMRÅDE



5 km
1:2007



LØSMASSEAVDELINGEN



TEIKNFORKLARING

- SPREKKESONER
- - - STØRRE SPREKKESONER
- ┴ STRØK OG FALL
- - - FJELLBRØNNAR - KAPASITET
- 500 - 2000 l/time
- < 500 l/time
- LOKALITETAR FOR PRØVEBORINGAR

NGU
 TEMAKART GRUNNVATN
 HERØY KOMMUNE
 MØRE OG ROMSDAL FYLKE

MÅLESTOKK	MÅLT
TEGN	TRAC IL
	OKT. 1988
	KFR.

NORGES GEOLOGISKE UNDERSØKELSE
 TRONDHEIM

TEGNING NR.	KARTBLAD NR.
88.163 - 03	1119 I, II, III, IV